



Referat frå møte i Stamnes og Eidsland sokneråd
tysdag 13.1.2026 kl 17.-19 i sakristiet i Stamnes kyrkje.

Frammøtte: Monica M. Dyvik, Anne Margrethe Eikefet, Vivian Farestveit, Eli Marit Hvidtsten, Eidrun S. Normann, Bjørn Samuelsen, Olaug L Stamnes, Bjørn Stamnesfet og Roar Petter Strømme (geistleg representant, vikar for Fredrik Hope).

Forfall: Fredrik Hope (sjukemeldt).

Sak nr. 1/26: Formålet med møtet:

Formålet med dette fyrste møtet i år, er å oppsummera aktivitetane Som står att frå 2025 samt ein «grov»-gjennomgang» og «grov»-Planlegging av saker, oppgåver og aktivitetar for første del av 2026. Perioden me har bak oss, har vore ganske so arbeidskrevjande.

Einige om formålet.

Sak nr. 2/26: Godkjenning av innkalling, saksliste og referat frå sist møte.
(møte 5/25) *Referatet vedlagt.*

Det er komme inn 2-to kommentarar til gudtenestelista for 2.halvår 2025.

1. Eidsland, gudstenesta den 7.12 er ikkje med.
2. Stamnes, det er ført opp gudsteneste 26.12 = 2. juledag, utgår.

Kommentarane blir retta opp i referatet! Innkalling og saksliste godkjent.

Sak nr. 3/26: Gudstenesteliste 1.halvår 2016.

- Utpeike kyrkjevert og beslutte takkoffer.
- Stamnes, den 11.1.2026 kl 11.00, er Bjørn St kyrkjevert og takkofferet går til NMS.
- Eidsland, den 18.1.2026 kl 11.00, er Anne Margrethe kyrkjevert, med Bjørn St som reserve, takkofferet går til NMS.

Gudstenestelista er klar, sjå tabell under.

Sak nr. 4/26: Basaren 2026, torsdag 12.feb.kl 17.30

- Status for planlegging, loddseljing, innkjøp og anna.

Dette har me rutine på, lodd bøker er innkjøpt og blir gjort klare i møtet. Lynlodd er klare. Oppsett til bruk ved spørsmål til bedrifter om gevinstar er klart. Gevinstar er begynt å koma inn. Olaug og



Monica har kontrollen med dette. Eidrun spør foreldre i barnekoret om å baka bollar, platekake el muffins til basaren. (Ref. sak 43/25).

Sak nr. 5/26: Årsmøte / årsmelding inkl statistikk.

- Status årsmelding: (ref sak 42/25). Gjekk gjennom utkastet så langt, supplerte og retta opp i ein del punkt. Utkastet er sendt ut til rådet på epost. Statistikken må kvalitetssikrast og rekneskapstala for 2025 skal på plass. Kasserar leverer rekneskapsoversyn til skrivar når det er klart. Ein ønskjer nokre bilete innimellom teksten, bilete som syner ulike aktivitetar gjennom året. Når dette er klart, blir meldinga levert til leiar, som legg årsmeldinga ut til gjennomsyn. Skal vera lagt ut til oversyn begge bygder 8.febr.
- «Oppsummeringsmøte» etter jubileet, forslag til tidspunkt. (Deltakarar, Anne Margrethe, Monica, Vivian og Bjørn St). Tidspunkt ikkje bestemt, deltakarane besluttar snarast.
- Ta med siste timetall for frivillig arbeid for 2025.
Er gjort, og talet lagt inn i årsmeldinga!

Sak nr. 6/26: Tilbakemeldingar frå gudstenestene i jule- og nyttårshelga.

- *Har fått gode tilbakemeldingar på skulegudstenesta, og begge julaftansgudstenestene. Eidsland hadde 40 deltakarar, Stamnes 105. Stamnes hadde støtte til songen av Blanke Messingen, Helen Børhaug og Martha Lise Langeland dei gav i tillegg vakker duettsong. Eidsland hadde litt sjukdomsforfall, så Frode prest stilte sporty opp med tonefylgje til songen. Stemningsfullt og fint!*

Sak nr. 7/25: Neste møte, evt møteplan for fleire.

*Neste møte: **3.mars***

*Felles soknerådsmøte **17.mars***

Sak nr. 8/26: Verneplater under lysglobe og lysskip / «lysskuto».

(sjå vedlagte kopi av e-postar)

Dette er på plass og kome i orden.



Gudstenestelister for Stamnes og Eidsland

1.halvår 2026 Stamnes

Gudsteneste	Tidspunkt	Kyrkjevert	Offer
11.01 Gudsteneste	11.00	Bjørn St.	NMS
22.02 Gudsteneste, årsmøte m/ kyrjekaffi.	16.00	Heile rådet møter	Kyrkjelydsarbeidet
02.04 Skjærtorsdag, nattverdsgudsteneste , frukost kl 10.	11.00	Monica, Eidrun, AnneMargrethe	Barnevakten
05.04 Felles påsegudsteneste Vaksdal, Dale Stamnes/Eidsland	11.00	Vert?	Himalpartner
10.05 Konfirmasjonsgudsteneste	11.00	Viviann, Eidrun	Fagertun
14.05 Friluftsgudsteneste Skipshelleren, Vegen-gt	12.00	Olaug, Eidrun	Sjømannskyrkja
17.05 Festgudsteneste	12.00	Olaug	Kyrkjelydsarbeidet
28.06 Gudsteneste	11.00	Eli Marit	



1.halvår 2026: Eidsland

Gudsteneste	Tidspunkt	Kyrkjevert	Offer
18.01 Gudsteneste v/	15.00	AnneMargrethe Eikefet	Det NorskeMisjonsselskap (NMS)
01.03 Gudsteneste v/	11.00	AnneMargrethe	Kyrkjelydsarbeidet
03.04 Pasjongudsteneste langfredag v/	11.00	AnneMargrethe	Ikkje offer
17.05 Festgudsteneste	12.30	AnneMargrethe	Kyrkjelydsarbeidet
29.07 Olsokstemne på Leiro	18.00		

Timar utført av Soknerådsmedlemmer og andre (utanom soknerådsmøta) pr:
??

Av kven:	Kva:	2026	
Soknerådet	Kyrkjevertar, spøtekafe, kjøre ut kyrkjeblad, vasking og rydding, konfirmantfest, M.m.		
Monica	Knøttesong		
Leiarar i barnekoret	Barnekorarbeid, laga til, låsa opp, delta, miniandakt m.m.		
Andre (Appia m.fl)	Klokkar		
Kyrkjegardsdagar	Stamnes og Eidsland		
Heile rådet	Basar		
Tidsbruk siste måned/periode:			
Tidsbruk pr			